

Detaljregulering for skiferbrot i Nordheringslie, Gnr. 69 Bnr. 3 m. fl.

Reguleringsføresegner
Plan-ID: 34350004

Desse føresegnene gjeld for området innanfor plangrensa på plankartet. Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegner. Føresegnene kjem i tillegg til det som vert bestemt i plan- og bygningslova med forskrifter, samt vedtekter til plan- og bygningslova vedtekne av kommunestyret i Vågå kommune.

Det regulerte området er vist med plangrense i plankartet jf. PBL. § 12-5. Arealet innanfor denne grensa er regulert etter § 12-3 som detaljregulering.

1. Siktemålet med planen

Føremålet med planarbeidet er å legg til rette for uttak av skifer i Nordheringslie, Gnr. 69 Bnr. 3 m. fl. i Vågå kommune. Planarbeidet skal og ta omsyn til viktige miljø- og risikoaspekt ved uttaksdrifta og legge til rette for transport av utstyr og produkt ut og inn av området.

2. Arealbruk

Området er regulert til følgjande føremål

§ 12-5. Nr. 1 – Bygningar og anlegg

Steinbrot og masseuttak (BSM)

§ 12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Køyreveg (KV1-3)

Annan veggrunn – tekniske anlegg (AVT)

Annan veggrunn – grøntareal (SVG1-4)

§ 12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur

Vegetasjonsskjerm (GVS1-2)

§ 12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftsføremål og reindrift

LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden. (L1-5)

Naturformål (N)

Omsynssoner (pbl. § 12-6)

Støysone - raud sone ihht T-1442 (H210)

Støysone - gul sone ihht T-1442 (H220)

Faresone – ras- og skredfart (H310)

3. Fellesføresegner for heile planområdet

3.1 Støy

Ved etablering av ny støyande verksemd og for arealbruk rundt eksisterande støyande verksemd skal støygrenser gitt i rettleiar T-1442, eller seinare retningslinjer som erstattar denne vere gjeldande.

3.2 Automatisk freda kulturminne

Om det i samband med gravearbeida vert gjort funn av gjenstandar eller konstruksjonar, pliktar ein å stoppe arbeidet snarast og underrette kulturavdelinga i fylket for avklaring, jf. kulturminnelova § 8 andre ledd.

3.3 Trafo, andre tekniske installasjonar

Innanfor byggeområdet kan det oppførast trafokiosker, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig.

4. Føresegner for arealformål

4.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

Råstoffutvinning (BSM)

- a) I område regulert til streinbrot og masseuttak (BSM) vert det tillate uttak, bearbeiding, transport og lagring og deponering av natursteinsprodukt, jord- og steinmassar. Inne i uttaksområdet kan det lagast midlertidige anleggsveggar og pausebrakke/bygg som er naudsynt for drifta. Pausebrakke/bygg skal plasserast utanfor fareområde for skred/steinsprang. Aktivitet i uttaksområdet BSM skal ikkje føre til utrasing av skrotmassar o.l. i område N ut mot Finna. Det er ikkje tillate å knuse masser i området. Det skal ved alle tiltak i området, uttak av skifer og lagring av skrotmasser/deponi sikrast at det ikkje skjer forureinande avrenning til Finna.
- b) Yttergrensa for uttaket skal følgje formålgrensa og avrundast/tilpassast mot eksisterande terreng. Istandsetting skal skje fortløpande slik at drift i ei etappe, jf bokst. d, skal avsluttast og delområdet attendeførast før drift i neste delområde kan påbegynnast.
- c) All drift i uttaksområdet skal gå for seg kvardagar måndag – fredag kl. 07:00 –19:00.

- d) Uttaket skal følge ein etappedelte driftsplan som er godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning. Driftsplanen skal følgje hovudetappeinndelinga vist i illustrasjon A01, som er gjort juridisk bindande gjennom denne reguleringsføresegna. Istandsetting skal skje fortløpande. Det vert stilt følgjande krav til rekkefølge i uttaksdrifta;

Etappe 1	Oppstart ved vedtak av reguleringsplan og driftskonsesjon etter minerallova
Etappe 1/ deponi	Oppstart ved vedtak av reguleringsplan og driftskonsesjon etter minerallova
Etappe 2	Oppstart når førekomsten i etappe 1 er ferdig drive. Rydding og istandsetting for etterbruk kan gå over 3 år etter oppstart av etappe 2. Rekkefølgekravet er ikkje til hinder for fortsatt deponering av skrotmasse i etappe 1/deponi.
Etappe 3	Oppstart når førekomsten i etappe 1, etappe 1/deponi og etappe 2 er ferdig drive. Rydding og istandsetting kan gå over 3 år etter oppstart av etappe 3. Det er lagt til rette for naturleg revegetering.

Driftsplanen skal gje vidare føringar for omfang, volum, driveretning og deponiområder for framtidig drift, og fastsette relevante krav til etappevis opprydding og istandsetting, og avslutning. Driftsplanen skal til ein kvar tid være godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning og skal normalt bli oppdatert kvart 5. år.

Topplekke/ avdekkingsmassar som blir grave bort før drift av uttaksområdet skal lagrast for seinare bruk i istandsettinga. Ved istandsetting skal masser frå avflekking av topplag leggest øvst og det skal leggest til rette for at vegetasjon raskt kan etablere seg igjen. Om nødvendig kan det i underliggende lag tilførast reine eksterne masser. Skrotmasse for oppfylling, mellomagra avdekkingsmassar og jord skal tilbakeførast inn i uttaket for reetablering av LNF-formål. Uttaksområdet skal til ein kvar tid vere forsvarleg sikra både i forhold til dyr og menneskje. Adkomsten til området skal være sikra med låsbar bom eller kjetting. Naudsynt anleggssikring skal inngå i driftsplanen.

- e) Seinast tre år etter ferdig uttak av førekomsten skal alle områder vere ferdig rydda og istandsatt. Overgangen mot eksisterande terreng skal avsluttast med skråning med helning maksimum 1:1,5. eller i pallar med maksimal 15 meters høgde. Det same gjeld dersom drifta (steinbryting) stansar opp i meir enn 3 år. Området skal ryddast for maskiner, utstyr, skrapmassar og liknande. Bygningar knytt til drifta skal fjernast, dersom dei ikkje kan inngå i ny bruk.
- f) Støy frå verksemda skal ligge innanfor rammene i kap.30 i Forurensningsforskriften. Følgjande ekvivalent støynivå ved bustader skal ikkje overskridast på kvardagar:
kl. 07:00 – 19:00 Lden= 55 dBA.
- g) Tiltak for å hindre støvflukt skal iverksettast dersom det oppstår støvflukt frå anlegget som er til skade eller plage.

4.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

Køyreveg (KV1-3)

KV 1 og 3 er private tilkomstvegar frå Liasetervegen til skiferbrotet. KV2 er Liasetervegen. Desse er regulert med 5 meters vegbreidde og tilhøyrande areal for grøft og skjering/fyllingsområde. Tiltak i

vegkroppen er unnateke søknadsplikt etter SAK § 4-3 første ledd bokstav a), når dette er avklart i reguleringsplanen. Eventuelt masseoverskot frå tiltaka skal deponerast i område BSM, på deponiareal som går fram av godkjend driftsplan. Ved oppgradering, utviding og bygging av vegar skal kritiske punkt påvist i skredfarerapporten leggjast til grunn. Plassering og dimensjonering av stikkrenner skal sikre forsvarleg handtering av overflatevatn.

Annan veggrunn, grøntareal (SVG1-2)

Arealformålet omfattar sideareal (grøft, skjering og fylling) innanfor planområdet.

Annan veggrunn, tekniske anlegg (AVT)

Arealformålet omfattar møteplass og utvida vegareal i krysset mellom KV2 og KV3.

4.3 Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)

Vegetasjonsskjerm (GVS1-2)

Ei sone på 15 meter i tilknytning til planlagt uttaksområde er avsett til vegetasjonsskjerm. Sona er utvida til 35 meter nedanfor dyrka marka ved Liasetre. Arealet kan plantast til, eller eksisterande vegetasjon bli pleidd. Vegetasjonsskjermen skal fungere som hinder for innsyn og skjerming for støvflukt under drift av masseuttaket. Innanfor dette arealet kan det også gjerast naudsynt sikringstiltak som inngjerding og skilting.

4.4 Landbruks-, natur- og friluftsføremål og reindrift (§ 12-5 nr. 5)

LNFR areal -Landbruksformål. (L1-5)

Bruken av områdene er underlagt jord- og skoglovens bestemmelser.

Naturformål (N)

Området er regulert til naturformål (N). I området inngår særleg verdifull naturtypelokalitet – bekkekløft Finna. I naturområdet skal det ikkje gjerast inngrep eller tillatast nokon bruk som kan forringe, skade eller øydelegge førekomsten av naturtypen. Det må ikkje tippast masser i området eller lagrast utstyr/matriell e.l. Det må ikkje fjernast daud ved eller plantast vegetasjon i denne sona.

5. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

5.1 Støysoner ihht. støyretningslinje T-1442 (§ 11-8 a, bokst. 2) (H210 og H220)

For støynivå utandørs skal prinsipp og støygrense i Miljøverndepartementets retningsline T-1442, eller seinare vedteke forskrifter/retningsline som erstattar denne, leggjast til grunn for tiltak i området. Ved søknad om bygg som er omfatta innanfor sona, må tiltakshavar dokumentere at støyen ikkje vil overstige grenseverdiane.

5.2 Faresoner – ras- og skredfare (H310)

Arealet syner faresoner for steinsprang/steinskred, jord- og flaumskred, snøskred og sørpeskred. Sjå faresonekart, SGC 2019 samt kapittel 6.6.3 i planomtalen for dimensjonerande skredtype samt farenivå. Det er

ikkje tillate med bygningsmessige tiltak innanfor området vist med ras- og skredfare. Arbeid innanfor ras- og skredfare (H310) skal berre skje etter at tilstrekkeleg sikring er på plass.

6. Føresegner til rekkefølgjekrav (§12-7 og 11-9)

6.1 Rekkefølgjekrav

Kryss Fv. 2643/Liasetervegen skal vere ferdig utbetra før det kan vere drift innanfor planområdet. Kryss Fv. 2643/Liasetervegen skal vere utbetra etter Statens vegvesen si handbok N100 og teikningane skal vere godkjend av Innlandet fylkeskommune si samferdselsavdeling. Det skal skrivast gjennomføringsavtale med fylkeskommunen. Krysset skal vere dimensjonert for store kjøretøy og frisiktkravet er sett til 6*120 meter.